

DRIFTSASSISTANSEN I SOGN OG FJORDANE

11 desember 2019

Aktuelle Kommunar
Aktuelle rådgjevarar

HMS på VA sektoren - dagsseminar på Gloppen Hotell på Sandane

Med dette vil eg invitere til fagdag/seminar om HMS på VA sektoren

Tidspunktet er kl 09.30 – ca 15.00 den 25. februar 2020 på Gloppen Hotell på Sandane

Arbeid i VA sektoren kan vere risikofylt. Det kan vere langvarig påverknad med låg intensitet f. eks. av gassen H₂S (Hydrogensulfid) eller akutte arbeidsulukker. Norsk vann har nyleg fått utarbeidd ein oversikt over risikable arbeidsoperasjonar og aktuelle sikringstiltak. (Rapport 247/2018 Beste Praksis for HMS i vannbransjen),

På seminaret 25 februar vil forfattaren av rapporten Ann Kristin Årskog Vikhagen orientere om dette arbeidet.

I tillegg til dette vil leverandøren Vestteknikk orientere om praktisk bruk av aktuelt verneutstyr.

Seminaret blir avslutta med orientering om og synfaring av Gloppen kommune sitt nye avløpsreinsanlegg på Byrkjelo.

Deltakaravgifta er sett til 1500,- eks mva pr deltakar inklusiv lunsj.

Eg håper dette er av interesse for dykkar verksemd. Påmelding skal gjerast til underteikna.

Med helsing

Tobias Dahle
Dagleg leiar
Driftsassistansen i Sogn og Fjordane